

Møteprotokoll

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Kommunestyresalen, Aurland

Dato: 05.09.2016

Tidspunkt: 09:00 – 12:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Noralv Distad	Leiar	AUR
Olav Turvoll	Nestleiar	VIK
Bjørg Djukastein	Medlem	VOSS
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SFFK
Iril Schau Johansen	Medlem	HOFK

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jan Geir Solheim	Medlem	LÆR

Merknadar

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Forvaltar/sekretær

Andre:

Kristoffer Ullern Hansen SNO Aurland

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk signert av:

Noralv Distad Bjørg Djukastein

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 21/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 22/16	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 23/16	Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre til "Detaljreguleringsplan E16 Nærøydalen"	2016/396	
ST 24/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - sikringstiltak i samband med rassikring av E16 i Nærøydalen	2016/396	
ST 25/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - klagebehandling - oppføring av hytte på Horten	2015/4116	
DS 10/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - løyve til landing med helikopter på Nebbet for vedlikehald av måleutstyr	2014/2136	
DS 11/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - løyve etter naturmangfaldlova § 48 i samband med naudsynt sikrings- og oppryddingsarbeid	2016/2833	
DS 12/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - løyve til landing med helikopter på Nedbergo	2016/2782	
RS 10/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - svar på søknad om bruk av drone i Nærøyfjorden	2016/1726	
RS 11/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - oljefilm på fjorden ved Bakkasundet	2016/3006	
RS 12/16	Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre til Tiltaksplan for Nærøydalselva	2016/203	

Møteplan for Nærøyfjorden verneområdestyre 2. halvår 2016

31. oktober kl. 14.00 i Gudvangen - Styremøte

31. oktober kl. 16.30 i Gudvangen - Dialogmøte med fagleg rådgjevande utval for Nærøyfjorden

2. desember kl. 10.00 på Voss – Styremøte med bestillingsmøte med SNO

Orientering om studieturen til nasjonalparken og verdsarvområdet Glacier Bay i Alaska

Noralf Distad og Anbjørg Nornes orienterte om studieturen til Glacier Bay i Alaska 24. juni til 4. juli 2016.

Bruk av drone i verneområde

På bakgrunn av orientering om referatsak (RS) 10/16, bad styret forvaltar legge fram i neste møte eit notat om regelverk for bruk av droner.

Campllassar på strendene i Nærøyfjorden

På bakgrunn av auka problem med nye leirplassar med bål og telting på strendene i Nærøyfjorden, vil styret vurdera betre informasjon til brukarane. Styret bad forvaltar leggja fram ein skiltplan for informasjon i Nærøyfjorden til styremøte 2. desember i år. Skiltplanen vil verta brukt som grunnlag for tinging av tiltaksmildar til informasjonsskilt.

ST 21/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 05.09.2016

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 22/16 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 05.09.2016

Vedtak

Bjørg Djukastein vart valt til å skriva udner møteprotokoll 05.09.2016 saman med styreleiar.

ST 23/16 Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre til "Detaljreguleringsplan E16 Nærøydalen"

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 05.09.2016

Handsaming i møte

Uttale i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Uttale

Nærøyfjorden verneområdestyre har ingen merknader til detaljreguleringsplanen for E16 i Nærøydalen for område som grensar til og er innafor Nærøyfjorden landskapsvernombordet. I detaljreguleringsplanen for E16 Nærøydalen er omsyn til Nærøyfjorden landskapsvernombordet tatt inn i føresegne. Det skal setjast opp fysiske gjerde for å markera vernegrensa for at det ikkje skal verta inngrep i verneområdet der det ikkje er gjeve løyve til tiltak. Naudsynte omsyn til landskapsvernombordet er teke med i planframlegg. Verneområdestyret vil behandla søknaden om dispensasjon frå verneforskrifta til sikringstiltak i samband med reguleringsplan for E16 i Nærøydalen som eige sak.

ST 24/16 Nærøyfjorden landskapsvernombord - sikringstiltak i samband med rassikring av E16 i Nærøydalen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 05.09.2016

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar med ei tilføying:

Under 4. kulepunkt skal det tilføyast; og området skal ryddast. Vedtaket var samrøystes.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev dispensasjon til sikringstiltak i samband med gjennomføring av rassikring og bygging av ny tunnel på E16 i Nærøydalen. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og andre alternativ.

Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

- Det skal setjast opp fysiske gjerde for å markera vernegrensa medan arbeidet pågår for at det ikkje skal verta inngrep i verneområdet der det ikkje er gjeve løyve til tiltak.
- Sprenging i og nær området skal skje varsamt for å avgrensa inngrep.
- Dersom det er naudsynt, kan det gjennomførast aktuelle sikringstiltak som reinsking av lause massar og bolting innafor verneområdet. Det skal etablerast tett kontakt med verneområdeforvaltar i arbeidet med korleis sikringstiltak best kan gjennomførast. Tiltaka skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Fanggjerde som vert sett opp for å sikre under anleggsperioden, skal fjernast etter anleggsperioden er over og området skal ryddast.
- Før endeleg ferdigstilling av veganleggset ved Hylland og slutføring av arbeidet, skal det gjennomførast felles synfaring med verneområdeforvaltar i anleggsområdet. Verneområdestyret kan pålegge tilstelling for å slutføra arbeidet.

ST 25/16 Nærøyfjorden landskapsvernombord - klagebehandling - oppføring av hytte på Horten

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 05.09.2016

Handsaming i møte

Nytt framlegg til vedtak vart lagt fram i møte av Noralv Distad:

Nærøyfjorden verneområdestyre tek ikkje klagen frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til fylge, og opprettheld tidlegare vedtak.

Verneområdestyret har vurdert saka i høve presedens og påverknad på verneverdiane i området, og ser ikkje at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har framført nye moment i saka.

Nytt framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre tek ikkje klagen frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til fylgje, og opprettheld tidlegare vedtak.

Verneområdestyret har vurdert saka i høve presedens og påverknad på verneverdiane i området, og ser ikkje at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har framført nye moment i saka.

DS 10/16 Nærøyfjorden landskapsvernombområde - løyve til landing med helikopter på Nebbet for vedlikehald av måleutstyr

DS 11/16 Nærøyfjorden landskapsvernombområde - løyve etter naturmangfaldlova § 48 i samband med naudsynt sikrings- og oppryddingsarbeid

DS 12/16 Nærøyfjorden landskapsvernombområde - løyve til landing med helikopter på Nedbergo

RS 10/16 Nærøyfjorden landskapsvernombområde - svar på søknad om bruk av drone i Nærøyfjorden

RS 11/16 Nærøyfjorden landskapsvernombområde - oljefilm på fjorden ved Bakkasundet

RS 12/16 Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre til Tiltaksplan for Nærøydalselva